JOSTEDALSBREEN NASJONALPARKSTYRE

Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2014/1814-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.04.2014

JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK - DELEGERT LØYVE FOR SNØSCOOTERTRANSPORT TIL FJERDEVATNET I FØRDE KOMMUNE

Delegert vedtak: Delegeringssak DS 1/14

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 15.3.2013, gjer nasjonalparkforvaltaren fylgjande vedtak:

I medhald av forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt får Anne Therese Kusslid løyve til inntil to (2) turar med snøscooter innover Grønengdalen, via Grønengstølen og til Fjerdevatnet (4.vatnet) Snøscooteren skal frakte material til brubygging, og skal gå langs dalbotn og over 2. vatnet og 3. vatnet i Førde kommune.

Løyvet blir gitt på fylgjande vilkår:
- Løyvet gjeld i perioden 25. april og til 10. mai 2014. Dersom det viser seg at vêr eller føreforhald ikkje er godt nok til køyring i denne perioden kan forvaltar forlenge løyvet utover dette.
- Snøscootertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Under snøscootertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) eller underteikna skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre transporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. juni om gjennomført køyring.

Eg gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, og at de i tillegg må innhente løyve frå Førde kommune og grunneigarar.

KLAGE
Vedtaket kan klagast inn for Klima- og miljødepartementet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på tre veker, jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Med helsing frå

MARIA C. KNAGENHJELM
NASJONALPARKFORVALTAR OG SEKRETÆR FOR JOSTEDALSBREEN NASJONALPARKSTYRE

Brevet er signert og godkjent elektronisk.

SAKSOPPLYSNINGAR
Anne Therese Kusslid søkjer om løyve til å køyre inn material til reparasjon av bruer i Grønengdalen i Førde kommune. Søknaden er datert den 23. april 2014. Søkjar har også vore i kontakt med nasjonalparkforvaltar per telefon, samt oppretta kontakt med Førde kommune for rask handsaming av søknaden.

Anne Therese Kusslid er gardbrukar og har mange sau som beitar innover Grønengdalen. Ho har fått tildelt investeringsmidlar via nasjonalparkstyret for 2014, slik at ho kan reparere og bytte ut bruene i Grønengdalen. Bruene begynner å bli gamle og usikre, og det er både beitedyr og turgåarar som nyttar bruene i området.

Det er viktig å få frakta brumaterialet inn så snart som mogeleg, søkjar ventar på første høve det er ei skikkeleg frostnatt, slik at snøscooter kan nyttast til transporten. Det er maks to turar med snøscooter som er naudsynt for å frakte materiala inn i området, mest truleg berre ein tur. Ruta går via Grønengstølen til 4.Vatnet langs dalbotn i Grønengdalen.

Saka vert vurdert etter:
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1994
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark av 1994

LOVGRUNNLAG
Føremålet med nasjonalparken er (verneforskrifta pkt. III):
- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, klopper, mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

VURDERING
Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i nasjonalparken, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Forvaltar vurderer likevel transporten til å vera i tråd med verneforskrifta.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og tidlegare erfaringar med transport i verneområdet. Det er ikkje registert sårbare og trua artar i innanfor verneområdegrensa (Artskart og Fylkesatlas 25.04.2014). Det er, på Artskart, fleire registreringar av kongeørn utanfor nasjonalparkgrensa langs Grønengdalen. Disse er datert til 2003 og 2006. Det ikkje usannsynleg at det er kongeørn i området no, og søkjar har fått vilkår om å ta godt omsyn til dyrelivet. Forvaltar vurderer at snøscooter er den transportmetoden som er minst uroande for fuglelivet, samanlikna med helikopter jf. § 12.

Området har eit storslått natur, med store landskapsverdiar. Eg vurderer kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og tiltaket det er søkt om til å vere tilstrekkelig til å kunne vurdere søknaden (jf. naturmangfaldlova § 8).Føre-var-prinsippet § 9 vert tillagt liten vekt.

Den samla belastninga på området og økosystemet vert vurdert som liten jf. § 10. Dersom ikkje bruene får reparasjon no vert etterslepet endå større, noko som heller ikkje vil gagne friluftsliv, beitedyr og naturmiljø. Naturmangfaldlova § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing utover tida ferdsla pågår. Transport av tunge material er vanskeleg å gjennomføre til området utan motorisert transport.

Det er noko friluftsliv i området, men vilkår er satt for å uroe folk og dyr minst mogeleg. I forvaltingsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at det alltid skal gjevast skriftleg melding til

forvaltningsstyresmakta etter at motorferdsel i verneområdet har funne stad, noko løyvet også krev i vilkåra.

Kopi til:
Førde kommune
SNO-Jostedalsbreen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljødirektoratet